

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 01.02.2023
SAKSHANDSAMAR: Randi Nisja Heskestad
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2023 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK: 2022/855
STYRESAK: **017/23**

STYREMØTE: **15.02.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Stavanger HF
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Fonna HF
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Bergen HF
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Førde HF
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Sjukehusapoteka Vest HF
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Vest IKT AS

Oppsummering

Styringsbodskapet til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom styringsdokumenta. Styringsdokumenta klargjer overordna mål, oppgåver og rammer for bruk av middel, og prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Styret i Helse Vest RHF fekk i styremøte i desember 2022 høve til å gi innspel til konkrete styringsbodskap til helseføretaka og Helse Vest IKT AS, jf. styresak 122/22. Oversikt over korleis ein har innarbeidd innspela i styringsdokumenta går fram av vedlegg 7.

Fakta

Regjeringa har sett følgande hovudmål som Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med sikte på å nå i 2023:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Styringsdokumenta beskriv oppgåver som helseføretaka og Helse Vest IKT AS skal prioritere i 2023. Desse oppgåvene må sjåast i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta jf. lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2023 til Helse Vest RHF, og styringskrav formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 17. januar 2023, i tillegg til tidlegare gitte styringskrav. Det blir lagt til grunn at helseføretaka er godt kjende med desse dokumenta, samt helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 17. januar 2023.

I styringsdokumenta blir ikkje krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha eit særskild fokus på kravet eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

Kommentarar

Styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har ein felles struktur og langt på veg same innhald. Ressursgrunnlaget og dei økonomiske rammevilkåra er tilpassa det enkelte helseføretak.

Styringsdokumenta til Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS følger i hovudtrekk same oppbygging som dei andre styringsdokumenta, men er korta ned og tilpassa deira særskilte ansvar.

I styringsdokumenta blir det informert om krav til rapportering og korleis mål og oppgåver vil bli følgd opp. Rapportering skal skje i eigarlinja.

Vedlegg:

1. Styringsdokument 2023 Helse Stavanger HF
2. Styringsdokument 2023 Helse Fonna HF
3. Styringsdokument 2023 Helse Bergen HF
4. Styringsdokument 2023 Helse Førde HF
5. Styringsdokument 2023 Sjukehusapoteka Vest HF
6. Styringsdokument 2023 Helse Vest IKT AS
7. Kommentarer til innspel frå styret